

# Engevikhavn

TEMA: *Kremmerleier* ⑩105, «En sand guldgrube» ⑩100

KART: ⑩440



Mata Engevik under sildesalting på Engevikhavn i 1894 (⑩103).

**H**andelstaden vart bygd opp kring 1820 av LARS S. MEIDELL, svigerson til løytnant Nyegaard, som då åtte Engevik. Med grunnlag i det rike fisket i og kring Sævareidfjorden skapte Meidell ei verksemd som omfatta eksport av hummar og sild, kornimport, gjestgjeveri og landhandel. Opptil 50 menneske kunne vera sysselsette i sildesongen. Dette skapte gode ringvernader i bygdesamfunnet både i bøkkaarbeid og fartøybygging.

Verksemda i Engevikhavn nådde sitt største omfang i 1840- og 50-åra. Frå 1847 finst ei detaljert skildring av Engevikhavn, ført i pennen av ein tysk lækjar,

*Gjestgjevarverksemda i Engevik på 1700-talet kan ikkje ha vore særleg omfattande. Men hundre år seinare voks det fram ein handels- og gjestgjevarstad på ein parsell kalla ENGEVIKHAVN. Det var på denne staden Segelcke i 1729 hadde fått løyve til krobald og gjestgjevarverksemd.*



Handelsstaden Engevikhavn. Oljemåleri av Knut Olai Engevik kring 1926.

AUGUST V. MORITZ, som var på gjenomreise til Hardanger. Uventa for han var dei gode tysk-kunnskapane i familien Meidell, noko som kan forklarast av den nære handelskontakten med dei tyske austersjøbyane. Meidell hadde sin slektsbakgrunn i ein offisersfamilie frå Estland.

Då handelen vart frigjeven i 1842, fekk Meidell løyve til å driva landhandel og gjestgjeveri. Meidell innreidde krambu, bygde bakeri og tilsette bakar. Den nye landhandelen hadde opplandet sitt frå Lukk-sund i sør til Øvre Hålandsdalen i nord.

Notbuene, saltebuene og nausta i Engevikhavn skriv seg truleg frå 1820-30-åra. Kring 1850 må staden ha vore fullt utbygd, med kaiar, hopar og båt-opptrekk. Her var smie, eldhus, borgstove, to bustadhus, bakeri, ishus, to

stabbur, to naust, to notbuer, saltebu, lagerbu for korn med krambu, løyve med flor og smalus.

Lars Meidell skøytt eigedommen over til sonen Frantz i 1863. I hans tid vart verksemda konsentrert kring pensjonat-drift og landhandel. Han innreidde den gamle hovudbygningen som sommarpensjonat. I 1880 byrja *BJØRNENS DAMPSKIPSELSKAP* fast rutetrafikk på Engevikhavn, og frå 1885 fekk staden postopneri. Konkurransen frå nye landhandlarar og postopneri i det gamle opplandet vart stadig hardare. Kring 1910 vart krambua lagd ned. Pensjonatet vart drive til ut i 1920-åra. Det er som feriestad for betrestilte bergensborgarar at Engevikhavn enno i dag lever i minnet til eldre menneske. □

## SÆVAREID KARTONG- OG PAPPFABRIKK

SÆVAREID, eidet ved sjøen, har gjeve namn til både fjorden og vassdraget. Ved sjøen låg ei stor mengd naust som høyrde til gardane langs Sævareidvassdraget. Fossen ved utløpet av vassdraget dreiv i eldre tid ei oppgangssag.

I 1867 grunnla ALVØENS PAPIRFABRIK eit tresliperi her. Denne verksemda utvikla seg til ein kartong- og pappfabrikk, som kom til å sysselsetja nærare 200 menneske på det meste. Eit særleg kjent produkt var «Sævareid Betræk-Pap», som fekk ein stor innanlandsk marknad og som er udøyeleggjort i Hamsuns roman «AUGUST».

Kring fabrikkens voks det fram ein liten tettstad med sentrumsfunksjonar, som grov grunnen ut under den tradisjonsrike handelsstaden Engevikhavn på hi sida av fjorden. Etter 2. verdskrigen var Sævareid-samfunnet ein ein-sidig industristad, med eksport, hovudsakleg til land i Det britiske samveldet. Fabrikkens vart lagd ned i 1977. I dag har oppdrettsnæringa teke over (⑩110).



Kartongfabrikken kring 1895.